

Nybrottsarbeid enda opp so

Det var mange skeptikarar og det mangla ikkje på åtvaringar då eldsjelene i Ølve ville starta opp privatskule. Resultatet fjerna all fnugg av tvil.

– Det har blitt ei solskinshistorie heile greia, seier Hildegunn Nepstad.

For halvtanna år sidan flytta ho frå Knarvik til heimbygda Ølve med mann og fire born, for å bli lærar på den nye Ølve Montessoriskule. Tre av borna er elevar ved skulen. No er fire barnsmora i gang med å ta utdanning som Montessoripedagog, til liks med tre andre av dei tilsette ved skulen.

– Det er veldig kjekt og interessant å få jobba ved denne skulen, og med Montessoripedagogikken, seier Nepstad.

Ein annan i lærarkolleget er Siri Holst Larsen. Ho er utdanna Montessori-lærar og har røysne frå andre Montessoriskular. No har ho og mannen meldt permanent flytting til Kvinnherad og Ølve.

– Det var ikkje spesielt flotte lokale då vi kom hit. Men i dag er skulen blitt fin med gode Montessori-rom, meiner Holst Larsen.

Montessori-pedagogikk

Undervisninga på Ølve Montessoriskule er basert på pedagogiske prinsipp som vart grunnlagd av den italienske legen Maria Montessori. Pedagogikken er basert på borna sin egenverdi, læring utan negative inntrykk og at elevane sjølv skal sjøkja etter kunnskap. Dei pedagogiske prinsippa skal styrkja elevane si lærelyst og vitehest. Det vert lagt opp til stor friedom i undervisninga.

Ølve Montessoriskule har i dag 36 elevar.

Felles lunsj

Presis klokka 11.00 møtest alle elevane til felles lunsj i det nyoppussa kjøkenet og matrommet. I forkant har tre elevar hatt i oppgåve å setja fram glas, mjølk, pålegg og brød.

– Vi tre jobbar ei veke i lag, så er det ei ny gruppe som overtek. I tillegg til å laga til lunsj, har vi jobben med å rydda opp etter lunsjen. Det er kanskje det verste jobben, seier Mia Håvik (9), Kasper Moss (10) og Tollev Vikane (12).

Når alle elevane er på plass kjem rektor Hein Bondevik inn. Han klappar ein gong i hendene og får umiddelbart to klapp tilbake frå elevane rundt bordet. Elevane ønskjer Kvinnheringen sin utsende velkommen med å syngja opningssongen til ein julemusikal som dei skal framföra for heile bygda denne veka.

Etter ein halv time matpause, har elevane ein halv time til å delta i ulike aktivitetar i uterommet til skulen, eit uterom som er i ferd med å få ei kraftig opprusting takka stor dugnadsinnsats frå foreldre og bygdefolk.



FELLESMAT: Elevar og lærarar ved Ølve Montessoriskule har ein halv time felles lunsj kvar dag.



KYRKJEVANDRING: Förste- og andreklassingane på kyrkjevandring i Ølve kyrkje: Marie Traavik, Julie Bjørkelund, Simon Nepstad, Edel Magrethe Revne, Kieran Scott, Sigurd Vikane og Ronja Kirketeig. Bak står lærarassistent Jeanette Svendsen Fagerlid som har vore tilsett ved Montessoriskulen heilt sidan starten av.



– I ryggen har vi ei engasjert foreldregruppe som har støtt opp frå dag éin.

Hein Bondevik, rektor.

Foreldra betalar 10 kroner dagen for at elevane skal få servert mat på skulen. Med jamne mellomrom vert det òg servert eit varmt måltid, tillaga og servert av foreldra.

Utfordringar

Rektor Hein Bondevik, som sjølv er i full gang med å fullföra ei Montessori-utdanning, er tilfreds med det som har skjedd etter halvtanna års drift.

– Vi er komne veldig langt på kort tid, oppsummerer rektor. Det er ein annan type

skule, og det har vore viktig for oss å vera tydelege på at dette er ein Montessoriskule. I ryggen har vi ei engasjert foreldregruppe som har støtt opp frå dag éin. Eg vil hevda at denne skulen har bidrige til å sveisa bygda veldig godt saman, seier Bondevik.

-- Korleis vil overgangen for dei som har gått på ein Montessoriskule bli når dei kjem over i den «tradisjonelle» ungdomsskulen?

– Det vil vi først få svar på neste haust. Eg vil tru at dei

m ei solskinshistorie



KJØKENPERSONALE: Tre elevar frå ulike alderssteg har oppgåva med å laga til lunsj for medelevane ei veke kvar. Denne veka er det Mia Håvik (9), Kasper Moss (10) og Tollev Vikane (12) som har kjøkenteneste.

kanskje kan få ei utfordring med den fridomen ein har her, samanlikna med ungdomsskulen, spår rektoren.

Undervisninga er gratis for elevane. Det er ingen eigenbetaling for å vera elev ved den private skulen.

– Økonomien er ingen problem for oss, seier Bondevik.

Godt samarbeid

Sjølv om Ølve Montessoriskule er ein utradisjonell skule og ei nyvinning i Kvinnherad, føler Hein Bondevik at dei er ein del

av «skulefamilien» i kommunen.

– Vi har eit godt samarbeid med Hatlestrand skule, og vi har eit veldig godt samarbeid med kommuneadministrasjonen. Det er kommunen som har ansvar for å skaffa spesialpedagogisk personell i dei høva det er nødvendig. Eg føler vi vert tekne på alvor av Kvinnherad kommune, seier Bondevik.

Medan vi sit og pratar med rektor, kjem ein av elevane bort til oss. Han rapporterer om statusen for skulebøker, blyantar,

kladdebøker og andre rekvisittar.

– Ein av elevane er materialforvaltar og skal ha oversikta over skulemateriellet, forklarar rektor.

Spennande

Første- og andreklassingane ved skulen er denne dagen på kyrkjevandring i Ølve kyrkje. Vi møter dei midt i lunsjen. Dei har sessa seg rundt eit bord som dei har plassert bak den siste benken i kyrkja.

– Det er veldig kjekt å vera elev på Montessoriskulen, for her har vi ingen lekser, smiler ein av andreklassingane.

Det er Jeanette Svendsen Fagerlid som har ansvaret for elevane under denne utflykta. Ho har vore med sidan starten på skuleeventyret i Ølve.

– Eg trivest veldig godt, og synest eg har vore heldig som har fått vore med å skapa noko spennande for bygda, seier Fagerlid.

Ho er òg blant dei som no skaffar seg Montessori-utdanning.

Sjølv om alt ser greitt og kjekt ut, understrekar Bondevik at Ølve Montessoriskule har mange av dei same utfordringane som andre skular har.

Arne Lindeflatten
arne@kvinnheringen.no